

# DIPLOM



## Heidersprisen

2015

er tildelt

HALLINGDØLEN

Bjarne Tormodsgard og Kjell Vidar Bergo



Avisutvikling skjer ofte ved at ein går føre og viser veg. Gjennom betalingsmodellen Ål inclusive har Hallingdølen bevisstgjort ein heil bransje om kor verdifullt innhaldet i lokalavisene er. Dei har vist både norske og internasjonale aviser at lesarane både kan og vil betale for innhald, også når det blir publisert på nett. Hallingdølen har våga å gå nye vegar, og har vore ein inspirasjon både for avisene i LLA-familien og mediebransjen elles.

Hallingdølen står bak digital innovasjon og utvikling av ei banebrytande betalingsløyising. Samstundes har avisa i mange år fått velfortent heider og ære i inn- og utland for avisproduktet og Hallingdølen's presentasjon av tekst og bilete.

Avisarbeid er lagarbeid. Likevel ønskjer vi å framheve ansvarleg redaktør Bjarne Tormodsgard og nyleg pensjonert dagleg leiar Kjell Vidar Bergo for måten dei har vist fram og delt erfaringane sine på. Leiarane i Hallingdølen har stilt opp på imponerande og raust vis – til beste for LLA-avisene og resten av bransjen.

Hallingdølen, Bjarne Tormodsgard og Kjell Vidar Bergo  
fortener Landslaget for lokalaviser sin heiderspris.

Trondheim, 18. april 2015.

Roar V. Osmundsen  
styreleiar

Ståle Melhus  
styreleiar til april 2015

Rune Hetland  
generalsekretær